

# Vestlandsrådet

## VR-sak 20/17: Ny stortingsmelding om kultur/kulturmeldinga (2019). Prosess for felles innspel frå Vestlandsrådet.

### Innleiing

Regeringa har sett i gang arbeidet med ei ny kulturmelding. Meldinga skal danne grunnlaget for ein overordna debatt om kulturpolitiske utfordringar i åra som kjem, og skal famne breitt innanfor Kulturdepartementet sine ansvarsområde. I meldinga skal ein sjå på kulturpolitiske konsekvensar av blant anna teknologisk utvikling, globalisering, demografiske endringar, samfunnsøkonomiske realitetar og nye forvaltningsstrukturar.

Kulturmeldinga skal innehalde mål for framtidas nasjonale kulturpolitikk. Eit sentralt aspekt ved kulturmeldinga vil vere ei vurdering av arbeidsdelinga mellom forvaltningsnivåa innanfor kulturområdet. Det vert lagt opp til at meldinga skal handsamast i Stortinget vårsesjonen 2019.

I oppfølginga av arbeidet vil kulturdepartementet ha behov for formell dialog kulturaktørane, med fylkeskommunar og kommunar. Departementet er alt i dialog med KS om korleis det kan leggjast til rette for ein god prosess. Fylkesrådmannskollegiet har også peika på at KS får eit særleg ansvar for å sikre dialogen mellom departementet og fylkeskommunane både administrativt og politisk. Når fylkesrådmannen no konkret utfordrar Vestlandsrådet til å engasjere seg i dette arbeidet, er det med utgangspunkt i at dette skjer i tråd med dei køyrrereglane som her er etablert og under utvikling.

Kulturdepartementet gjennomfører tematiske innspelsmøter, og har også planlagt innspelsmøter i alle fylkeskommunane i perioden september 2017 – januar 2018. For dei fire Vestlandsfylka er desse møta fastsette slik:

- Møre og Romsdal 26. oktober
- Hordaland 15. november
- Rogaland 7. desember
- Sogn og Fjordane 17. januar

Målgruppa for desse møta er primært kulturaktørane ute.

Departementet har formulert spørsmål til innspelsmøta som handlar om å få fram kunnskap om og frå det lokale og regionale nivået, og om oppgåve- og ansvarsdeling mellom nivåa.

Fylkesrådmannen ønskjer at det vert arbeidd vidare slik at dei fire fylkeskommunane i fellesskap gjennom Vestlandsrådet fremjar innspel til meldinga. Dei regionale innspelsmøta kan gi verdifulle bidrag til dette. I tillegg har dei fire fylkeskommunane nyleg gjennomført, eller i ferd med å gjennomføre planprosessar på kulturfeltet. Gjennom planarbeidet, og dei planlagde innspelsmøta meiner fylkesrådmannen at vi vil ha eit godt grunnlag for å danne oss eit bilet av kva aktørane ute er opptekne av, kvar dei opplever som utfordringar og moglegheiter, korleis dette er eller vert nedfelt i dei regionale planane, og kva som bør vere forventningane til dei ulike nivåa. På dette grunnlaget vil vi kunne utvikle forslag til felles innspel frå fylkeskommunane gjennom Vestlandsrådet til departementet.

Fylkeskommunane sine framtidige oppgåver på kulturfeltet er også tema for ekspertutvalet som skal levere si innstilling 1. februar 2018.

# Vestlandsrådet

Utan å føregripe prosessane som er nemnde over, vil fylkesrådmannen alt no peike på at framtidig arbeids- og ansvarsdeling mellom nivå vil vere sentralt i det Vestlandsrådet bør spele inn forslag på. Her kan det vere interessant å sjå nærmere på korleis den svenske kulturpolitikken har utvikla seg gjennom den såkalla «kultursamverknadsmodellen».

Fylkesrådmannen viser vidare til NOU 2013:4 «Kulturutredningen 2014» og dei konklusjonar og tilrådingar som kjem fram der, særleg knytt til den såkalla «kulturelle grunnmuren». Fylkesrådmannen vil som si førebelse vurdering peike på at her kan det vere eit særleg godt grunnlag for å konkretisere felles innspel knytt til kulturen si rolle i lokalsamfunnet.

I tillegg vil fylkesrådmannen peike på at det bør vere ei utfordring å fremje område/tiltak der Vestlandet har særlege føresetnader for å løfte kultursingar, og/eller der eit eller fleire av Vestlandsfylka kan ta eit nasjonalt ansvar for utviklinga framover.

Meir informasjon om arbeidet og innspelsmogleheter:

<https://www.regjeringen.no/no/tema/kultur-idrett-og-frivillighet/innsiktartikler/arbeidet-med-ny-kulturmelding/id2554334/>

Som ein tilleggsopplysing vil fylkesrådmannen leggje til at departementet også no har sett i gang arbeidet med ei frivilligheitsmelding. Denne meldinga skal famne breitt innan frivillig sektor sine ulike roller i samfunnet lokalt, regionalt og nasjonalt. Meldinga vil ta føre seg frivilligheita innan alle sektorar frå kulturfrivillighet via idrett og friluftsliv til frivilligheita som ein viktig aktør innan helse- og omsorgssektoren og barne- og ungdomssektoren. Stortingsmeldinga om den statlege frivilligheitspolitikken skal vere ferdig hausten 2018.

---

## Tilråding

Fylkesrådmannen rår Vestlandsrådet til å gjere følgjande vedtak:

1. Vestlandsrådet ber om at det vert lagt til rette for ein prosess der dei fire fylkeskommunane, etter drøftingar i Vestlandsrådet, i fellesskap fremjar innspel til den nye kulturmeldinga.
2. Vestlandsrådet ønskjer at felles innspel til den nye stortingsmeldinga for kulturfeltet vert tema på rådet sitt første møte i 2018 gjennom føredrag/innleiing og ei eiga sak.
3. Vestlandsrådet ønskjer generelt at kulturfeltet får ein tydelegare plass på rådet sitt sakskart framover, og ser på sams innspel til den nasjonale kulturmeldinga som ein god inngang for å få fram fleire relevante problemstillingar og saker der det er klåre fellesinteresser i landsdelen.